

Kapellet, preste- og samtaltjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjenesten».



Haraldsplass
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



www.haraldsplass.no
Søk: Prestetjenesten

Søndagshelsing

17. september 2023

16. søndag i treeiningstida

Tema: Opne opp?



Pixabay.com

**Det er ikkje gudsteneste i dag,
men kapellet er ope.**

16. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Mark 7, 31-37

31 Sidan drog Jesus bort att frå Tyros-området. Han tok vegen om Sidon og drog mot Galileasjøen gjennom Dekapolis-landet. 32 Der førte dei til han ein mann som var døv og hadde vondt for å tala, og dei bad han leggja hendene på han. 33 Jesus tok han med seg bort frå folket. Han stakk fingrane sine i øyra hans, tok spytt og rørte ved tunga hans. 34 Så såg han opp mot himmelen, sukka og sa til han: «Effata!» – det tyder: «Lat deg opp!» 35 Med det same vart øyra hans opna, og bandet som batt tunga hans, vart løyst så han tala reint. 36 Jesus forbaud dei å seia det til nokon. Men di meir han forbaud det, di meir gjorde dei det kjent. 37 Folk undra seg storleg og sa: «Alt han har gjort, er godt. Han får døve til å høyra og stumme til å tala.»



Pixabay.com

Opne opp?

Det høyrst kanskje litt ugreit ut det Jesus gjer her med spyttet. Men å ta litt spytt på fingrane sine og tørke vekk ein flekk kan vere veldig lurt. Det er faktisk bedre enn å bruke vatn, fordi det er enzymer i spytt, som får flekken til å løyse seg opp å bli borte... "Olsens flekkfjerner" blei det visst kalla i gamledagar.

På Jesus tid var det ein del av folketrua at keisarens spytt hadde helbredande kraft og kunne gjere folk friske. Kanskje det var derfor Jesus brukte spyttet sitt når han berørte tunga til den døve mannen? Det var nok ikkje nødvendig... Jesus gjorde mange under, og han gjorde mange friske uten noko hjelpemiddel. Kanskje var det og fordi mannen var døv at han stakk fingrane i øyrene på han, slik at mannen kunne sjå, kjenne og forstå at no skjer det noko – no skjer det eit under! Jesus *gjorde* ikkje bare handlingar med den døve mannen. Han sa også noko. "Effata" sa han – det er arameisk og betyr «lukkk deg opp», eller «åpne opp». Den døve kunne jo ikkje høyre det, men det kunne dei som sto rundt og det kan vi!

«Alt han har gjort, er godt» sa folket. Det gir gjenklang til skapingsfortellinga 1 Mosebok. Kanskje er det nettopp dette Jesus vil seie også til oss i dag; Åpne opp for dei gode gåvene Gud har å gi – våge å ta imot i; våge å stole på at Guds kjærleik er helbredande både for hjarte og sinn. Kanskje skulle vi be med Lina Sandell:

*«O Jesus åpne du mitt øye,
så jeg kan se hvor rik jeg er:
Jeg har en Fader i det høye,
som Fader omhu for meg bær».*

God søndag!

Kristin Lødøen Hope

- sjukehusprest -